

Utval: Utval for opplæring og helse
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 28.08.2019
Tidspunkt: 10:00-11:10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	A
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Torgeir Toppe	Medlem	A
Dan Femoen	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Jarle Jacobsen	Medlem	KRF
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Daniel Charles Hextal	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jeanette Syversen	Medlem	R

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arild Borgen	Jeanette Syversen	R

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør, Eigedomsavdelinga
Birthe Andersen Haugen	Seksjon fellestenester, Opplæringsavdelinga
Anne Sara Svendsen	Leiar, fagopplæring, Opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Utvalssekretær, Fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 55/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 56/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 57/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 26/19	Opplæringsplassar nye ferjekontraktar	2019/11784	
RS 27/19	Fellesprosjekt datasenter - BKK, Invest in Bergen og Hordaland fylkeskommune - statusrapport juni 2019	2018/7448	
RS 28/19	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023	2019/12009	
RS 29/19	Lokal mobilisering mot doping - Rapport 2018/2019	2016/3130	
RS 30/19	Sluttrapport Nærmiljøprosjektet Hordaland 2015/16 -19	2018/771	
RS 31/19	Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme	2016/2578	
RS 32/19	Meldingssak: Seksuell trakassering av elevar	2019/15236	
RS 33/19	Den årlege konferansen for inkluderande idrettsliv - invitasjon	2016/299	
PS 58/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 7/19	Spørsmål frå Fosse - FRP - Kvalitetssikring av lokalgitte eksamener	2019/12303	
PS 59/19	Ymse		
PS 60/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 4 - 2019	2019/1432	
PS 61/19	Høyringsuttale, NOU 2019:13, Livsopphaldsutvalet	2019/13737	
PS 62/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020	2017/1228	
PS 63/19	Friskulelova- fylkeskommunen sin rolle ved sanksjonar	2019/16102	

PS 55/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

PS 56/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 04.06.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 57/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Referatsakene 26/19-33/19 vart refererte.

PS 58/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

FO 7/19 Spørsmål frå Fosse - FRP - Kvalitetssikring av lokalgitte eksamener

Representanten Rosalind Fosse (FrP) har stilt spørsmålet:

Hvordan er kvalitetssikringen av lokalgitte eksamener? Hva er mandatet til eksamensnemda? Og hvilke kriterier jobber dei etter? Er vi sikker på at fagets kompetansemål blir dekket av eksamenen? Leverer alle skolene inn sine eksamener for godkjenning, og hvem kontrollerer det?

Svar på spørsmål frå Rosalind Fosse (Frp):

Oppgåver til lokalt gitte skriftlege eksamenar blir med få unntak utarbeidd i landsamarbeidet som VigolKS administrerer. Vigo har utvikla rutinar for korleis oppgåvene skal utarbeidast og kvalitetssikrast.

Lokalt gitt munnleg og munnleg praktisk eksamen blir utarbeidd av faglærar og kvalitetssikra av ekstern sensor.

For lokalt gitt praktisk eksamen på yrkesfag har Opplæringsavdelinga oppnemnt kvalitetssikringsnemnder for kvart utdanningsprogram. Oppgåva til kvalitetssikringsnemndene er å sikre at oppgåvene som skulane lager er i tråd med kompetansemåla i læreplanen og dei lokale retningslinene til faget. Kvalitetssikringnemnda består av erfarne faglærarar som har brei kompetanse innanfor sine fagområde.

PS 59/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Arild Borgen (R) sette fram slik protokollmerknad til sak RS 32/19, seksuell trakassering av elevar:

1. «Utvalget ser frem til svaret fra Utdanningsdirektoratet og vil gjerne holdes informert om utviklingen om Elevundersøkelsen og spørsmålet om seksuell trakassering.
2. Utvalget er svært skuffa over at så mange ungdommer i den videregående skolen blir seksuelt trakasserte, slik det rapporteres i Ungdata 2019.
3. Utvalget ser positivt på at det blir satt i gang tiltak for å motvirke dette, slik som er skissert i saksframlegget.
4. Utvalget mener det er viktig å se på utviklingen for å se på om det ikke må settes inn flere tiltak for å bekjempe den seksuelle trakasseringen som rammer mange av våre elever. Utvalget ber om at administrasjonen følger dette opp, også i det nye fylket Vestland.»

Alexander Fosse Andersen (SP) sette fram slikt forslag:

«I samband med handsaming av PS 63/19 vart det stilt spørsmål ved rollene til dei fylkeskommunale representantane i styra til friskulane.

Ved oppnemning av nye fylkeskommunale representantar/observatørar til ulike styre i neste fylkestingsperiode ber OPHE at det vert ei gjennomgang av rollene deira i dei ulike styra.»

Røysting

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

PS 60/19 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 4 - 2019

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	615.020.00	02320	02179	Kvam vgs. – Div. bygningsmessige tiltak	2 000 000	
10	628.020.00	02320	02180	Odda vgs - Tilbygg for prosessmodul	2 000 000	
10	633.020.00	02320	02181	Slåtthaug vgs.- Oppgradering bygg B	5 600 000	
10	646.020.00	02320	02182	Os vgs. – Velferdsteknologi	650 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		10 250 000
				10 250 000	10 250 000	

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	615.020.00	02320	02179	Kvam vgs. – Div. bygningsmessige tiltak	2 000 000	
10	628.020.00	02320	02180	Odda vgs - Tilbygg for prosessmodul	2 000 000	
10	633.020.00	02320	02181	Slåtthaug vgs.- Oppgradering bygg B	5 600 000	
10	646.020.00	02320	02182	Os vgs. – Velferdsteknologi	650 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		10 250 000
				10 250 000	10 250 000	

PS 61/19 Høyringsuttale, NOU 2018:13, Livsopphaldsutvalet

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til «NOU 2018:13 Voksne i grunnskole- og videregående opplæring, finansiering av livsopphold (Livsoppholdutvalget)» slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Arild Borgen (R) sette fram slikt tilleggsforslag:

«s. 4:

Etter setninga «Vi meiner at støtta må vere av ein storleik som gir den vaksne reell moglegheit til å velje utdanning og fullføre vidaregåande opplæring.»

«Vi meiner difor at 60% av ordinær dagpengesats ikkje vil være tilstrekkeleg for dei aller fleste. Vi forslår difor ein høgare sats enn 60% av ordinære dagpengar og ein minstesats som skal sikre grunnlag for livsopphald mens ein tar utdanninga.»»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Arild Borgen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til «NOU 2018:13 Voksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring, finansiering av livsopphold (Livsoppholdutvalget)» slik det kjem fram av saka.

s. 4:

«Vi meiner difor at 60% av ordinær dagpengesats ikkje vil være tilstrekkeleg for dei aller fleste. Vi forslår difor ein høgare sats enn 60% av ordinære dagpengar og ein minstesats som skal sikre grunnlag for livsopphald mens ein tar utdanninga.»

PS 62/19 Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020

Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av NHO/LO:

- «1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Fremmer opp igjen yrkesopplæringsnemnda sitt forslag i sak PS 30/19 Auke gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020, punkt 1:

Skulene får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.»

Røysting

Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

PS 63/19 Friskulelova- fylkeskommunen sin rolle ved sanksjonar

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019

Arild Borgen (R) sette fram slikt tilleggsforslag:

«Utvalget ber om at det kommer en politisk sak der rollen til fylkets representanter i styrene til de private skolene gjennomgås.»

Røysting

Arild Borgen sitt forslag fekk 2 røyster og fall (R og SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.